Nytt om namn

Meldingsblad
for Norsk namnelag

Nr. 7, - 1988

Oslo 1988

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)
Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken
Utgjevarstad: Institutt for namnegransking,
Universitetet i Oslo

Nr. 7, 1987

Frå dette nummeret av er amanuensis Kristoffer Kruken medredaktør i Nytt om namn. Arne Jørgensen har lagt stoffet til rette for edb.

Redaksjonen er avslutta 27. mai 1988

ADRESSER:

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, 7055 Dragvoll. Tlf. (07) 596500
Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5000 Bergen. Tlf. (05) 212422

Meldingsbladet "Nytt om namn", Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. (02) 454375
Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5000 Bergen)

Kontingenten er no 130 kr for året

INNHALD

Innkalling til landsmøte 4
Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking 4
Møte i samarbeidsnemnda for namnegransking 5
Innsamling og arkivering av stadnamn 6
Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane 7
Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal 9
Innsamling i Nordland 11
Innsamlingsprosjekt i Oppland 12
Eit nyttig amerikabrev anno 1988 12
Namn og eldre busetnad 14
Førkristen nordisk religion 14
Nordisk namnegranskarkongress 15
Namnerøkt i Sverige 16
Ikkje noko nytt om stadnamnproposisjonen 16
Etterlysing frå Norsk språkråd 16
Statens kartverk 17
Stadnamnkatalog for Østfold 17
Ny namnekonsulent for samisk 18
Makkverk, ikke kartverk 18
Kommentar til kartutgaven 20
NORNA-nytt:
Leksikon over nordiske stadnamnelement 21
Underlagskart for namn og namneledd 22
Norsk stadnamnbibliografi 23
Nyutnemnde professorar 23
Vårt eget språk 24
Innsjønamn i Hedmark 28
Kongressrapport 29
Studentarbeid om namn 31
Norske namnedagar 34
Unge forskarar 34
Retting 35
Thor Frette in memoriam 35
Thor Frette - stadnamnbibliografi 37
Medlemskap i namnelaget 38

INNKALLING TIL LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

(I nr. 5-6 av Nytt om namn vart det kalla inn til landsmøte og nasjonal konferanse i namnegransking, men etter som den venta proposisjonen om stadnamn ikkje kom, vart arrangementet utsett til i år. Saklista for landsmøtet og programmet for namnekonferansen vert identisk med det som var føreslått i 1987.)

Det vert med dette kalla inn til det andre landsmøtet i Norsk namnelag. Landsmøtet vert halde fredag 18. november 1988 kl. 9.00 i auditorium 3 i Sophus Bugges hus, Blindern, Oslo.

FRAMLEGG TIL SAKLISTE

1. **Melding om verksemda i Norsk namnelag 1986-88**
2. **Tidsskriftet Namn og Nemne**
3. **Meldingsbladet Nytt om namn**
4. **Rekneskap**
5. **Val**
6. **Ymse**

Etter landsmøtet, om lag kl. 11.00, startar den 5. nasjonale konferansen i namnegransking (sjå nedanfor), og det er høve for landsmøtedeltakarane å vera med på denne konferansen.

DEN 5. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn

Fredag 18. november 1988 arrangerer Institutt for namnegransking den 5. nasjonale namnegranskarkonferansen. Konferansen skal haldast i auditorium 3 i Sophus Bugges hus på Blindern og tek til kl. 11, like etter at landsmøtet i Norsk namnelag er avvikla. Konferansen vil vara fram til ca. kl. 16.30.

Emnet for konferansen i år er skriftleg og munnleg normering av stadnamn, eit felt som opptek både fagmiljøet og folk flest. Særleg har skrivemåten av stadnamn vore emne for mykje diskusjon gjennom åra, utan at temaet synest uttømt.

I 1983 la eit offentleg utval fram ei innstilling om skrivemåten av stadnamn (NOU 1983:6), og sidan den tid har det vore førebudd ein odelstingsproposisjon. Kultur- og vitskapsdepartementet opplyser at det førebels er usikkert når proposisjonen kan vera klar, men konferansen blir halden i alle fall.

Det andre delemnet gjeld munnleg bruk av stadnamn og andre namn. Til dels er dette ei oppfylging av den førre konferansen som hadde lydskrift i stadnamn og anna målføretilfang som tema, men no er det meininga å ta opp spørsmålet om i kva grad namnebrukarar, særleg i informasjonssamanheng, bør nytta ein meir eller mindre normert uttale basert på den lokale uttalen.

Bør bynamnet Skien uttalast /se:`en/ eller /sji:`en/ av ein vestlending i NRK? Skal Geiranger uttalast med /gei-/ eller /jei-/? Her ligg det nær å dra inn spørsmålet om uttalen av personnamn og. Bør ein seia /to:r/ eller /tord/ for Tord i Sportsrevyen?

Eit meir detaljert program vil vera klart i oktober, og interesserte kan få det ved å venda seg til Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3.

Deltakaravgifta er 80 kroner, som inkluderer kaffi og kringle før konferansen tek til og konferanserapport som vert tilsend etter konferansen.

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

I samband med namnekonferansen 18. november kjem **Samarbeidsnemnda for namnegransking** til å ha møte laurdag 19. november kl. 10 i seminarrom 1, Chateau Neuf på Majorstua.

Aktuelle saker på dette møtet er eventuelle tilrådingar/vedtak i spørsmål som har vore oppe på namnekonferansen, innstillinga frå datautvalet for stadnamnregistrering,

utveksling av materiale, drøfting av nasjonale innsamlingsoppgåver o.a.

Medlemmer i Samarbeidsnemnda for namnegransking i inneverande periode (1986-88):

Universitetet i Oslo: Eyvind Fjeld Halvorsen, Botolv Helleland. Vara: Tom Schmidt, Kjell Venås.

Universitetet i Bergen: Ole-Jørgen Johannessen, Oddvar Nes. Vara: Jarle Bondevik, Egil Pettersen.

Universitetet i Trondheim: Jørn Sandnes, Ola Stemshaug. Vara: Reidar Djupedal, Nils Hallan.

Universitetet i Tromsø: Gulbrand Alhaug, Nils Jernsletten. Vara: Tove Bull, Nils Øyvind Helander.

Møre og Romsdal distriktshøgskule: Peter Hallaråker. Vara: Terje Aarset.

Rogaland distriktshøgskule/Høgskolesenteret i Rogaland: Inge Særheim. Vara: Ottar Rønneseth.

Særskilt for samisk: Kjell Kemi.

Ved årsskiftet vil institusjonane få brev med spørsmål om ny oppnemning av medlemmer i Samarbeidsnemnda for 1989-91.

INNSAMLING OG ARKIVERING AV STADNAMN

Innsamling, utskriving, dataregistrering og arkivering av stadnamn og anna namnemateriale er ei sentral oppgåve for fagmiljøet. Det føregår som kjent eit omfattande registreringsarbeid på ulike plan rundt om i landet, og Nytt om namn vil gjerne gje små glimt frå denne aktiviteten. Nokre slike glimt fylgjer nedanfor. Det er likevel ikkje råd å få med alt, både av omsyn til plassen og av omsyn til redaksjonen sin kapasitet. Men bladet tek gjerne mot korte innlegg om det som skjer på innsamlingsfronten rundt om i landet.

I aukande grad vert dataregistrering teken i bruk som lagringsmåte for namnemateriale. Slik registrering har alt vore i bruk i nokre år ved dei vitskaplege institusjonane. Ulike programtypar har vore nytta for registreringa, men alle byggjer på dei grunnprinsippa som vart utforma av ein nordisk namnedatakomité i midten av 1970-åra, dvs. eit

skjema med ulike felt for einskildopplysningane som det er aktuelt å få med for kvart namn (skrivemåte, uttale, realopplysningar, kartfesting o.a.). Under omtalen av ein del fylkesprosjekt nedanfor vert det gjeve nærare greie for korleis dataregistreringa føregår. Ved Institutt for namnegransking er det laga eit program som gjer det mogeleg å skriva ut namnematerialet på arkivkort i A6-format. Etter kvart som materialet vert lagt til rette i maskinleseleg form, vil ein kunna sortera i større namnemengder på regional og nasjonal basis.

I tillegg til dei vitskaplege institusjonane er fleire kommunar interesserte i å dataregistrera stadnamn. Nytt om namn vil i eit seinare nummer ta opp dei problema kommunane møter når dei skal gå i gang med dataregistrering.

BH

STADNAMNPROSJEKTET I SOGN OG FJORDANE

Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane skulle vera bra kjent mellom stadnamninteresserte. Prosjektet starta 1. august 1985 og vart formelt avslutta 31. mars 1986. I denne perioden arbeidde 1 innsamlingsleiar i kvar kommune i Sogn og Fjordane. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ved fylkesarkivar Gunnar Urtegaard hadde prosjektleiinga. Cand. philol. Jan Olav Fretland hadde hovudansvaret for den daglege leiinga av arbeidet.

Då prosjektperioden var slutt, var berre 2-3 kommunar heilt ferdige med innsamlinga. 7-8 kommunar hadde att litt kontorarbeid, litt bandopptak og einskilde informantar som dei ikkje hadde nådd tak i. I om lag 10 kommunar stod det att ein del innsamlingsarbeid.

Stadnamnarbeidet gjekk vidare i dei fleste kommunane etter prosjektperioden var over. Kommunane løyvde ein del lønsmidlar. I nokre høve lukkast det å få folk på sysselsetjingsordningar, og innsatsen frå frivillige vart òg auka.

I dag er det samla inn om lag 250 000 stadnamn. Vel 200 000 stadnamn er ferdiggjorde og sende inn til Fylkes-

arkivet. Det føregår innsamling i fleire kommunar enno, og det første målet vårt er å sluttføra arbeidet på økonomisk kartverk i alle kommunar. Samstundes pågår innsamling i fjellområda der det ikkje finst økonomisk kartverk.

Materialet frå kommunar der innsamlinga på økonomisk kartverk er avslutta, går no til vidare handsaming på Fylkesarkivet. Hornindal (2 500 namn), Naustdal (9 000), Lærdal (8 500) og Bremanger (14 000) er ferdig handsama. Det vil seia at alle namna har fått normert skriveform, lydskrift ut ifrå bandopptaka og kode etter lyklane for form og funksjon. Namna er skrivne inn i Fylkesarkivet sin EDB-baserte stadnamnbase, og kartplasseringa er digitalisert av Fylkeskartkontoret i Sogn og Fjordane.

Dei fire kommunane som her er nemnde, vil no få sitt materiale attende i bearbeidd form. Fylkeskartkontoret vil laga stadnamnkart basert på økonomisk kartverk der alle innsamla namn er med. Fylkesarkivet vil laga stadnamnkatalogar for desse kommunane. Alt i august 1987 laga me ei prøveutgåve av kart og katalogar for Hornindal kommune. Meininga er at alle interesserte skal få høve til å kjøpa rimelege stadnamnkart og katalogar.

Me vil no senda ut ei orientering til alle husstandar i desse kommunane og orientera om tilbodet, og opplysa korleis folk kan skaffa seg stadnamnmaterialet for større eller mindre område i heimbygda. Me vonar at dei fleste i alle fall vil kjøpa materialet for sitt nærområde. Når det finst stadnamnkart i dei fleste heimar i kommunane, har aksjonen nådd sitt viktigaste mål: Å sikra stadnamntilfanget for ettertida og gjera det lett tilgjengeleg for folk flest.

Stadnamnkatalogen for t.d. Lærdal vil først innehalda ei alfabetisk liste over alle namn på økonomisk kartverk i kommunen (8 500). Del II i katalogen vil visa alle namna sorterte etter gardsnummer, og innanfor kvar gard sorterte etter funksjonskodane. Det vil seia at alle namn som gjeld tunet og buplassane kjem først, og så kjem namna utover på åkrar og slåtteteigar, utslåttar m.m. Del III vil visa alle namn i kommunen sorterte etter formlykel. Der kan folk leita etter namn på urar, fjell, åsar, bekker, elvar, fossar m.m. Del IV vil visa alle namna sorterte etter

funksjonslykelen. Brukarane vil finna namn på slåtteteigar, husmannsplassar, stølar m.m. pent ordna i grupper etter den namngjevne lokaliteten sin kulturhistoriske funksjon.

Me reknar med å få dei fire kommunane me har nemnt, "ut på marknaden" i mai/juni i år. Kommunane Selje, Vågsøy, Sogndal og Leikanger vil truleg verta fullførte i siste del av dette året. Då vil i alt om lag 60 000 stadnamn vera ferdig handsama. Det er om lag 25% av namnetilfanget. Tempoet i det vidare arbeidet vil vera avhengig av løyvingane. Me har sett som mål å handsama 30 000 namn i året. Det vitskaplege arbeidet vert utført av Kristian Solvang, Per Arvid Ølmheim, Marit Hjellbrekke og Jan Olav Fretland. Det vert betalt med 4 kr pr. namn.

Fylkesarkivet og Fylkeskartkontoret er spente på korleis det EDB-handsama materialet vert motteke av folk. Reaksjonane på prøveutgåvene med Hornindal var positive.

Når materialet er EDB-handsama, kan Fylkeskartkontoret og Fylkesarkivet òg laga kart og liste etter særskild tinging. Det kan t.d. vera alle namn på husmannsplassar utteikna på eit oversiktskart over ein kommune. Me kan tenkja oss namn innanfor eit mindre område som ein gard, ei grend m.m. Den EDB-løysinga me har utvikla, er fleksibel og gjev mange vegar inn til dette materialet.

Gunnar Urtegaard (fylkesarkivar)
Kaupanger

STADNAMNPROSJEKTET I MØRE OG ROMSDAL

Prosjektet **Innsamling og arkivering av stadnamn i Møre og Romsdal** er ei vidareføring av eit forprosjekt som kom i gang ved MRDH Volda i 1983. Det er finansiert ved årlege tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeskartkontoret og Norsk kulturråd med om lag kr 100 000,- kvar i fem år frå 1985 til 1989.

Føremålet med prosjektet er både av praktisk, kulturpolitisk, vitskapleg og pedagogisk karakter. Fylkeskartkontoret har bruk for kunnskap om namnetradisjon når dei

skal fastsetje namn og skrivemåten av namn på det økonomiske kartverket. Fylkeskommunen og kommunane har bruk for stadnamnopplysningar i samband med t.d. namngjeving av vegar, gater, bustadfelt, institusjonar og andre kommunale anlegg. Frå ein kulturpolitisk synsstad må det vere ei viktig oppgåve å berge så mange stadnamn som råd er før dei blir gløymde for godt. Når det gjeld stadnamn som forskingsemne, har dei interesse både for lingvistar, dialektologar og lokalhistorikarar. Stadnamna kan også ha ein viss pedagogisk verdi i og med at dei kan nyttast i fag som heimkunnskap, lokalhistorie, målføre og geografi, ja til og med i reine realfag som botanikk og zoologi.

I 1987 har følgjande personar arbeidd på prosjektet i tillegg til dei frivillige medarbeidarane rundt om i kommunane: førsteamanuensis Peter Hallaråker (prosjektleiar), cand.philol. Arne Kruse (forskar), cand.philol. Tor Erik Jenstad (forskar på timebasis), sivil tenestepliktig Knut Arne Vågeskar og spesialkonsulent Johan Krogsæter.

Arbeidet i 1987 har vore samla om desse oppgåvene: innføringskurs for lokale innsamlarar (6), innsamling og tilrettelegging av innkome materiale og dataføring av dette. Prosjektleiaren har skrive ei ny handbok i kommunal innsamling og arkivering av stadnamn med tittelen Namn og stad, og denne boka er no brukt som lærebok ved innføringskursa.

Ved årsskiftet 1987/88 var det berre éin av dei 38 kommunane i fylket som ikkje på ein eller annan måte er med på prosjektet, og sjølve innsamlingsarbeidet er kome langt i mange kommunar. I 1988 vil derfor mykje av arbeidet gå ut på å "hauste inn" det som kommunane har samla inn så langt. Ved prosjektleiinga vil ein så gjennomføre fagleg ettersyn, føre på normert skrivemåte av namna, fonemskrift og natur- og kulturkodar. Deretter vil opplysningane bli dataførte på PC-ar, og datadiskettane vil bli sende til Fylkeskartkontoret for innlesing og permanent lagring i deira storanlegg.

Budsjettet for 1987 var på kr 350 000,-. Dei samla prosjektkostnadene var på kr 288 757,56. Overskotet for 1987 vil bli brukt til å byggje opp ein sum ein kan bruke

i 1989, sidan Norsk kulturråd ikkje gjev tilskot dette året.

Peter Hallaråker (prosjektleiar)
Volda

NORDLAND

I 1986-87 stod Finn Myrvang for eit innsamlingsprosjekt for Nordland, med særleg vekt på Vesterålen og Lofoten. Utgiftene til prosjektet, til saman 90 000 kroner, vart dekte i fellesskap av Kultur- og vitskapsdepartementet, Norsk kulturråd, Institutt for språk og litteratur i Tromsø, Institutt for namnegransking i Oslo og Fylkeskulturstyret i Nordland (sjå Nytt om namn nr. 5-6 s. 21 ff).

Myrvang organiserte innsamling i ei rekkje av dei aktuelle kommunane, og det kom inn fleire tusen namn som han tok til å leggja inn på data. Også etter at prosjektperioden var slutt, har Myrvang halde fram med arbeidet i fritida. Men han understrekar at større ressursar må til om det skal mona noko i dette store fylket.

No ser det ut til at Nordland fylke er innstilt på å yta meir til stadnamninnsamling. På eit møte i fylkeskulturstyret i november i fjor vart det gjort vedtak om vidareføring av innsamlingsprosjektet med Myrvang som prosjektleiar på heiltid, og i februar i år løyvde fylkeskulturstyret 92 500 kroner til prosjektet, under føresetnad av at Norsk kulturråd gjev økonomisk støtte. I tillegg er det søkt Kulturdepartementet om støtte for 1989. Men korkje omfanget av prosjektet eller meir fullstendige finansieringsplanar er førebels fullt utgreidde.

Det er nedsett ei styringsgruppe med representantar frå Institutt for språk og litteratur i Tromsø, Nordisk institutt i Trondheim, Fylkeskartkontoret i Nordland og Fylkeskulturavdelinga/fylkeskulturstyret i Nordland. Etter det som er opplyst, er det truleg at Gulbrand Alhaug, Ola Stemshaug, Thorbjørn Storjord og Turid Følling Eilertsen vert med i styringsgruppa.

BH

INNSAMLINGSPROSJEKT I OPPLAND

Arbeidet med å organisere en fylkesomfattende innsamling av stedsnavn i Oppland er nå i gang med støtte fra Norsk kulturråd, Oppland fylkeskommune og Institutt for namnegransking. Det er opprettet en styringsgruppe for prosjektet som består av representanter for historielagene i fylket, muséene, fylkeskartkontoret, fylkeskulturkontoret og Institutt for namnegransking. Trond-Ole Haug, Vågåmo, er ansatt som prosjektleder i halv stilling.

Høsten 1987 ble det holdt orienteringsmøter om Namneprosjekt Oppland på Otta og Dokka for kultursjefer (-konsulenter eller -sekretærer). Prosjektet tar sikte på innsamling etter om lag samme plan som Møre og Romsdal.

8 kommuner har til nå skrevet under kontrakt med prosjektet. I en rekke andre kommuner er det fattet positive vedtak i kulturutvalgene, men det endelige vedtaket i formannskapet er blitt utsatt til behandlingen av 1989-budsjettene. Hittil er det holdt innsamlingskurs i Sør-Aurdal, Dovre og Vågå. Vi tar sikte på å holde kurs i 8-10 kommuner i løpet av høsten.

Tom Schmidt
Oslo

EIT NYTTIG AMERIKABREV ANNO 1988

White Plains, New York, U.S.A.

Herr Kaare Ringstad,

Jeg leser i Lofotr (!) som jeg faar heimanfraa hvert aar, at dere vil gjerne faa stedsnavn fra bygda. Jeg vokste opp som ungglunt i Tordalen. Naar vi var smaa maatte vi jage kyr og sauer til forskjellige steder, saa kanskje slik satte navnene sig fast i hukommelsen. Hver eneste kveld maatte sauene hentes for melkens skyuld, da den var saerlig god i kaffen, pluss gjødselen paa marken.

(Kyrene kom heim av seg selv). Senere la en merke til hvor grindene hadde staatt. Grindtaen.

Jeg var i 12 aars alderen, da vi flyttet til Nygaard. Senere til New York hvor jeg har bodd i over 60 aar. Navnene sitter like fast i minnet selv om jeg er nu 87 aar. Nu legges gaardene ned og de gamle navn gaar i glømboka.

Her er listen, bare den ikke blir for lang. Vi faar begynne i nord:

Hynna, Trongmarka, Trongmarkholmen, Rundhauen, Resmaalsdalen, Eitelen, Mengmaurtinnan, Nyskrea, Likkista, Gammelskrea, Skakken, Nessan, Storsteinen, Storsteinslia, Flaatan, Bjørnskinstinden hvor der er en gjettegryte paa størrelse av et vaskefat, Ramshollan, Rundlia, Langlia, Ura, Busslakkraaen, Ryggen, Jomfru Maria, Brattliknausen, Bulihammeren, Hestpalen, Kaavven, Kaavmyra, Kaavløken, Vaan, Olakjøna, Olakkinnhauan, Steinveien, Brattbakken, Brattliholla, hvor sneen ligger lengst om vaaren, Kviltuva, Hellfjellet, og Finnkjerka. Ned mot gaarden: Nubban, Middagsheia, Halsan, Skaran, Slaaka, Gjesjebakken, Liskogen, Lia, Ryggen, Slaatholla, Kaalstykkelia, Mellstaden, Aksla, Smaalian, Nerdalen, Øverdalen, Nerdalsvatnet, Langvaagen, Finnesset, Ørnhauen, Ørnkjøna, Hynnmyran og Hynna.

Hilsen

Oystein Tordahl

(Red.merknad: Det er ei imponerande namneliste denne norskamerikanaren kan leggja fram. Så dersom det er skort på gode informantar her i heimlandet, ser det ut til at det kan vera ein del tilfang å henta hjå utflytte nordmenn av den eldste generasjonen. Finn Myrvang i Nordlandsprosjektet har alt sendt ØK-kart til staten New York.)

NAMN OG ELDRE BUSETNAD

Symposiet "Namn og eldre busetnad" på Hamar 9.-12. juni 1988, som vi skreiv om i førre nr., er no ferdig planlagt. Staden blir Hedmarktoppen folkehøgskole. Det har meldt seg 46 deltakarar. Alle dei nordiske landa blir representerte, og det er god spreiing på dei relevante fagområda, med tyngdepunkt i namnegransking, historie og arkeologi. Føredraga, 16 i alt, speglar òg eit breitt fagleg spekter. Det er sett av tid både til ordskifte etter føredraga og til samtale elles.

Om kvelden første dagen kåserer statsarkivar Per-Øivind Sandberg om busettinga på Nes og på Helgøya. Ettermiddagen andre dagen blir det utferd til Helgøya under leiing av Trond Røhnebæk. Deltakarane skal òg få med seg ein kulturkveld med lokale innslag. Vi kjem attende til det faglege programmet når det vél er gjennomført.

KK

FØRKRISTEN NORDISK RELIGION

Nordisk samarbeidsnemnd for humanistisk forsking (NOS-H) har valt ut emnet førkristen nordisk religion som eitt av fire prioriterte forskingsfelt i åra framover. Ei nemnd som leverte innstilling i 1986, peikar på at "emneområdet førkristen nordisk religion er i dag forsømt i samtlige nordiske land. Fra å være ledende innen forskningsfeltet ligger Norden i dag med hensyn til forskningsaktivitet på området klart tilbake for andre europeiske og amerikanske miljøer". Emnet krev tverrvitskapleg samarbeid, der namnegranskinga høyrer naturleg med. I eit utsyn over fagtradisjonen i Norden blir det nemnt at m.a. Magnus Olsen hadde eit tverrvitskapleg perspektiv på arbeidet sitt. Det som kjem i gang no, kan tuftast på stø grunn.

Nemnda meiner aktiviteten kan styrkjast ved symposium, forskarkurs, forskarutveksling og meir spesielle prosjekt. Eit aktuelt prosjekt er nyvurdering av kjeldone til den førkristne religionen. Her kjem namnematerialet inn med

stor tyngd, først og fremst dei teofore stadnamna, men òg andre gruppor stadnamn og dessutan personnamna. Amanuensis Gro Steinsland, Univ. i Oslo, leidde utgreiingsarbeidet, og ho er no leiar for emneområdet.

Det er planlagt tre samnordiske, tverrfaglege symposium om emnet. Det første skal haldast på Hamar i august 1988, med 30-40 deltakarar. Både frå Noreg og Sverige har det komi ønske om at namnegranskinga må få større rom enn det som tyktest gå fram av dei første planane for symposiet. Dette har planleggingsgruppa følgd opp, og det er no klart at faget vårt blir trekt meir inn, m.a. ved aktiv deltaking av namnegranskarar.

KK

NORDISK NAMNEGRANSKARKONGRESS

Neste nordiske namnegranskarkongress - den tiande i rekkja - blir halden på Brandbjerg Højskole i Danmark 20.-24. mai 1989. Skolen ligg mellom Vejle og Jelling på Jylland. Temaet for konferansen blir analogi i namngjeving, og ein kan fritt ta opp stadnamn, personnamn eller andre namnegruppor. Det blir tre dagar med føredrag og ordskifte, og éin dag med utferd i Jylland. Kongressen skal velje nytt styre og sekretariat til NORNA (den nordiske samarbeidskomiteen for namnegransking).

Opphaldet kostar dkr. 1 845,- på enkeltrom og dkr. 1 675,- på dobbeltrom, med full pensjon. I tillegg kjem ei påmeldingsavgift på 100-150 kr. Det er høve til å ta med "ledsager/ledsagerske" (som danskane kallar det) til nemnde pris. Kongressen er òg open for deltakarar frå grannevitskapane. Opplysningar om føredrag, fristar m.m. blir utsende til medlemmene i NORNA seinare i vår. Interesserte kan elles vende seg til Institut for Navneforskning, Njalsgade 80, DK-2300 København S, Danmark, eller til Institutt for namnegransking, Boks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3 (tlf. 02/454375).

NAMNERØKT I SVERIGE

I dagane 8.-10. mars i år vart det halde eit symposium om "Aktuella frågor inom ortnamnsvården" ved Göteborgs universitet. Ei rekkje ulike sider ved skrivemåte og bruk av stadnamn vart tekne opp. Av foredragstitlane kan nemnast namnerøkt i eit internasjonalt perspektiv, stadnamn og kulturvern, stadnamn og minoritetsspråk, namn i eigedomsregisteret, gate- og vegnamn, database for namn på kart. Birte Hjorth Pedersen tok for seg stadnamnnrøkt i Danmark, og Botolv Helleland greidde ut om arbeidet med den nye stadnamnlova i Noreg.

IKKJE NOKO NYTT OM STADNAMNPROPOSISJONEN

Spørsmålet om kvar det vert av den venta stadnamnproposisjonen har etter kvart vorte ein attgangar i Nytt om namn. Heller ikkje denne gongen har redaksjonen noko nytt å melda. Frå departementet vert det opplyst at eit utkast til proposisjon vandrar mellom avdelingane.

ETTERLYSING FRÅ NORSK SPRÅKRÅD

Norsk språkråd har i brev til Kultur- og vitskapsdepartementet v/statsråden, dagsett 10.5.1988, etterlyst resultatet av innstillinga til Stadnamnutvalet (NOU 1983:6).

I brevet heiter det: "Utgreiinga ovanfor vart lagd fram for Kultur- og vitskapsdepartementet i mars 1983. Norsk språkråd sende fråsegn om utgreiinga 30.1.84.

Styret i Norsk språkråd vil med dette etterlysa resultatet av utgreiingsarbeidet og høyringsfråsegnene. Det er uheldig at det dreg slik ut med å få vurdert ei eventuell lov om stadnamn og få fastsett nye føresegner for skrivemåten av namn. På grunn av omfattande kartproduksjon er

det også eit aukande behov for å få utbygt konsulenttenesta for stadnamn.

Styret i Norsk språkråd vonar departementet kan skunda på saka."

STATENS KARTVERK

Som kjent omfattar no Statens kartverk både det tidlegare NGO (Hønefoss), Sjøkartverket (Stavanger) og fylkeskartkontora, men berre dei to fyrste har fast ordning med å bruka statens namnekonsulentar ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn.

Ei nemnd er nedsett for å greia ut spørsmålet om eit sams databasert namneregister for alle offentlege kartverk, delvis med bakgrunn i det arbeidet som vert gjort i Kulturdepartementet for å oppretta eit sentralt stadnamnregister over skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk. Men fyrst ved ei utviding av namnekonsulenttenesta er det realistisk å rekna med at namnetilfanget på det økonomiske kartverket kan leggjast til rette.

Det kan her elles nemnast at namnekonsulentane har gått gjennom dei siste kartblada i hovudserien i 1:50 000 (M711-serien), og at Topografisk avdeling i Statens kartverk reknar med å få desse blada ut i år.

Sjøkartverket har gjeve ut ei revidert utgåve av Den norske los 2 i to band (Svenskegrensen - Langesund og Langesund - Jærens rev). Den norske los 3 (Jærens rev-Stad) er under arbeid.

STADNAMNKATALOG FOR ØSTFOLD

Stedsnavn. Østfold heiter ein katalog over stadnamna på den topografiske kartserien i M. 1:50 000 (M711-serien), utgjeven av Statens kartverk. Katalogen inneheld ca. 7000 namn frå karta som dekkjer Østfold, ordna alfabetisk og med opplysning om lokalitetstype, kommune, kartblad og kartrute. Statens kartverk har planar om å gje ut tilsvarande katalogar for dei andre fylka.

Katalogen for Østfold kostar kr 50,- og kan tingast hjå Statens kartverk, Hønefoss, eller i næraste bokhandel.

NY NAMNEKONSULENT FOR SAMISK

Som **ny namnekonsulent for sørsamisk** etter Thor Frette har Kultur- og vitskapsdepartementet oppnemnt professor Ole Henrik Magga ved Ural-altaisk institutt, Universitetet i Oslo. Oppnemninga gjeld frå vinteren 1988.

Fil.mag. Kaisa Rautio, Tromsø, er oppnemnd som konsulentsekretær frå same tidsrom.

MAKKVERK, IKKE KARTVERK:

Serie M 816, blad Brunlanes (Vestfold fylke), utgitt av Forsvarets karttjeneste.

Stedsnavna er en viktig del av kulturen vår. Derfor er det også offentlige bestemmelser om skrivemåten av stedsnavn, og navnekonsulenter er tilsatt for å passe på at bestemmelsene etterleves og at navna blir korrekte, også på kart som Forsvarets karttjeneste gir ut.

Vi som er lokalkjente, kan navna på gårder, åser og vann i området, men alle de som er innflyttere og alt feriefolket i hytter og på campingplasser i Brunlanes (som bringer folketallet på sommeren opp til fem ganger det som det er om vinteren) har krav på korrekte opplysninger om stedsnavn når de kjøper dette kartet, som er langt hendigere og billigere enn karta i 1:50 000-serien fra Statens kartverk, der en må kjøpe hele fire blad for å dekke det samme området.

Her er nok å ta av når en skal gi eksempler på feil. Stedsnavn som Torstein, Torsrød, Hvåla og Sandi brukes også som etternavn, men med en annen skriftlig form: Thorstein, Thorsrød, Waale, Sandene. Men på kartet er det ikke stavemåten i etternavna som skal brukes, slik det dessverre er gjort på dette kartet.

Bakkane, Tveitane, Oddane, Vassengane og Hauganesætra står det heldigvis, men feilaktig Haugene, Bergene og Rakkeholmene. Hauganeåsen er endatil blitt Haugenåsen. Skauen (på Agnes) står det som det skal, men igjen er det feil ved Brunlaskogen, Stokkeskog og Bøkeskogen. Det sistnevnte navnet bør ellers helst ha formen Bokeskauen.

Anisråd er blitt til Ånisrød på dette kartet, Tollerodden til Tallerodden, Bramskjæra til Bramskjær og Hallesætra til Hallesæter. Gården Stretere har blitt oppført som v(estre) Foldvik. Hytta til Kåre og Solveig Bøvre som ligger i Løke eller ved Løkefjorden, har fått "stedsnavnet" Bøvre. Feil av dette slaget hadde neppe navnekonsulenten latt passere dersom disse hytteeierne hadde hett Hansen til etternavn. Av alle de hundrevis av hytter som er avmerka på kartet, er det av en eller annen grunn ei hytte ved Skutebakken som er funnet verdig til å få navnet sitt på kartet: Blåskjell.

Det står Hellesrødtj(ørn)a som rett er, men Asketj(erne)t, Melautj(erne)t osv. ved alle de andre 'tjønnane', som det uttales i Brunlanes. Skårabakken som har fått navn etter ei kone som budde der, og som kom fra Skåra i nabokommunen Tjølling, står feilaktig markert som Skåra.

Ullebergeika, ei flere hundre år gammal, freda eik, blir på kartet kalt Tanumeika.

Når en ser denne lista over noen av de groveste feila, burde en kanskje være glad over at noen navn mangler. Storgarden Hjelti fins ikke på kartet, smågardene Stiksrød og Håvaldsrød heller ikke, og tilflyttere som leser lokalavisa og stadig støter på navn som Ohlselia og Kloppsand der, vil ikke finne dem på kartet.

Vi får håpe at Forsvarets karttjeneste har gitt ut dette kartet i et lite opplag, slik at det raskt vil komme en ny utgave der navneverket er retta opp.

Arne Kjell Foldvik
Lingvistisk institutt
7055 Dragvoll

KOMMENTAR TIL KARTUTGAVEN

Forsvarets karttjeneste sendte sommeren 1984 tre navnelister til statens navnekonsulenter i forbindelse med utarbeidelsen av topografisk kart over Brunlanes og Farris. To av listene var satt opp på grunnlag av navn fra hovedkartserien fra Statens kartverk (M711) og fra M714 i måleştokken 1:50 000, og den tredje bygde på navnetilfang fra det økonomiske kartverket (21 kartblad). Undertegnede fungerte den gang som sekretær for navnekonsulentene, og ble bedt om å gjennomgå listene og korrigere navnene i samsvar med gjeldende regler for skrivemåten av stedsnavn (Kronprinsregentens resolusjon av 31. mai 1957).

Som grunnlag for rettelsene ble brukt lydskriftopptegnelser fra 1946 (kontroll av navneformer på eldre kart 1:100 000) i instituttets samlinger, oppskrifter i instituttets bustadnamnregister fra 1951 og, der det fantes, uttaleopplysninger i Norske Gaardnavne. I tillegg ble det innhentet opplysninger fra en student som arbeidet med en hovedoppgave fra området. Mine forslag til rettelser ble gjennomgått av statens navnekonsulenter, og de korrigerte navnelistene ble sendt tilbake til Forsvarets kartverk seinere på høsten. På disse listene står de fleste navneformene Foldvik etterlyser, f.eks. Torstein, Hvåla, Haugane, Rakkeholmane, Asketj^{a} og Melautj^{a}. Det kan likevel forekomme at navn er blitt feilplassert, eller har fått feil form, slik som f.eks. Skåra for Skårabakken, men utvalget og plasseringen av navnene er kartprodusentens ansvar. Navnekonsulentene har ikke ressurser til selv å gå ut og kontrollere dette.

Ved en henvendelse til Forsvarets karttjeneste fikk vi opplyst at det aktuelle kartet ble utgitt i samarbeid med Fylkeskartkontoret i Vestfold og Larvik og omegn turistkontor. Enkelte nye navn var tatt med etter ønske fra turistkontoret. Dette må f.eks. gjelde Tanumeika i stedet for Ullebergeika, som navnekonsulentene ikke har godkjent. Opplaget ble delt mellom karttjenesten og turistkontoret, men det er nå utsolgt fra Forsvaret.

Navnekonsulentene vil sette pris på om lister med feil på M816-serien blir sendt Forsvarets karttjeneste med kopi

til navnekonsulentene, som vil be om at de rettingene de foretar, blir tatt til følge av kartprodusentene ved evt. revidert utgave av kartet.

Tom Schmidt
Oslo

NORNA-nytt

LEKSIKON OVER NORDISKE STADNAMNELEMENT

Nordisk samarbeidsnemnd for namnegransking (NORNA) har på eit møte i Reykjavík 22.-23. april i år rådd til at det på nytt vert søkt Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk forskning (NOS-H) om midlar til prosjektet Leksikon over nordiske stadnamnelement. Det er nedsett ei styringsgruppe med Bente Holmberg (Danmark), Stefan Brink, Lars-Erik Edlund (Sverige), og Peter Slotte (Finland) som medlemer. Slotte er formann i gruppa mens Brink har teke på seg å stå for sjølve prosjektet.

Ideen til eit leksikon over nordiske stadnamnelement "NORNAlex" vart kasta fram av den svenske namnegranskaren Lars Hellberg under den 8. nordiske namnegranskarkongressen i Mariehamn i 1980. Eit utval vart då nedsett til å arbeida ut planar for prosjektet, og i 1983 vart ein søknad om prosjektstøtte send til NOS-H. Søknaden vart avslegen i fyrste omgang, men det vart gjeve signal om at ein fornya søknad kunne verta vurdert. Men før det kom så langt, la utvalet ned arbeidet sitt for di Bente Holmberg, som vart utsett til å stå for prosjektet, måtte trekkja seg.

Føremålet med prosjektet er å gje eit vitskapleg oversyn i leksikonform over meir vanlege stadnamnledd som finst i minst to av dei nordiske landa. Kvart ledd skal ha med opplysningar om etymologi, tydingsutvikling, regionale former, frekvens o.l. og skal kunna oppdaterast med visse mellomrom. Her skal namnegranskarar kunna henta referansar

og samanlikningsstoff når dei arbeider med ulike namneledd.

Det er aktuelt å skriva artikkelstoffet inn på data. Vidare er det planar om å leggja namnemateriale som ligg til rette for det, inn i den dialektgeografiske databasen ("DIABAS") ved Umeå universitet. Her finst det ein base som inneheld om lag 6000 koordinatpunkt basert på nordiske sokner. Namnemateriale som er lagt inn i basen, vil kunna gjevast att m.a. i form av tabellar og utbreiingskart der ulike typar grafikk kan utnyttast.

Den nye prosjektgruppa er innstilt på å leggja fram ein søknad for NOS-H innan fristen 1. juni i år med tanke på å kunna starta opp andre halvdel av 1989. Men om det her er tale om eit velfundert og viktig prosjekt, kan ein ikkje vita noko om utfallet av søknaden på førehand.

UNDERLAGSKART FOR NAMN OG NAMNELEDD

NORNA-møtet i Reykjavík tok òg opp ulike typar underlagskart for utbreiing av namn og namneledd på nordisk basis. Også andre humanistiske disiplinar har uttrykt interesse for standardiserte underlagskart.

Til no har ulike kartformat og målestokkar vore nytta, og det seier seg sjølv at ei standardisering her vil kunna gje store gevinstar. Særleg vil det vera mykje å vinna på å leggja kartet inn i ein større database slik at ein kan få databaserte oversyn over koordinatfeste språklege og andre kulturhistoriske fenomen. Samstundes bør same karttype vera tilgjengeleg for manuell bruk slik at databaserte kart og vanlege handteikna oversyn kan jamførast.

NORNA-møtet gjekk inn for å samarbeida med "DIABAS" i Umeå om framstilling av dei aktuelle karta, og innan eit års tid vil denne institusjonen kunna tilby eit underlagskart i M. 1:2 mill. (eventuelt også i andre målestokkar) med innteikna hovudvassdrag og viktige administrative inndelingar. Same kartet skal òg kunna leverast "blankt", men med ulike kartografiske opplysningar på tilhøyrande transparentar. Ein tredje versjon av kartet skal utarbeid-

ast med rutenett, mens ein fjerde skal vera databasert (digital). Denne versjonen skal samordnast med "DIABAS", men skal kunna leggjast til rette for bruk på personleg datamaskin.

NORSK STADNAMNBIBLIOGRAFI

I 1981 gav Institutt for namnegransking ved underskrivne ut ei førebels utgåve av ein Norsk stadnamnbibliografi. Planen var å innhente kommentarar, merknader og tillegg før ei endeleg utgåve vart utgjeve. Fleire følgde oppfordringa om å sende inn slike merknader, men fordi eg begynte i anna arbeid stutt tid etter, har ikkje instituttet sett seg i stand til å få gjort noko med dette tilfanget. Nå har eg teke opp att det bibliografiske arbeidet, og eg ber derfor alle som har synspunkt på bibliografien, om å sende desse til

Terje Larsen
Institutt for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

Det eg ønskjer, er først og fremst rettingar, tillegg og kommentarar til måten å ordne stoffet på.

Terje Larsen

NYUTNEMNDE PROFESSORAR

Oddvar Nes er utnemnd til professor ved Nordisk institutt, Univ. i Bergen, frå 1. jan. 1988. Stillinga gjeld nordisk målvitskap med særleg plikt til å undervise i nynorsk skriftmål, men som lesarane veit, arbeider Nes òg mykje med namn, særleg stadnamn.

Kåre Hoel er utnemnd til professor ved Institutt for namnegransking, Univ. i Oslo, frå 1. jan. 1988.

VÅRT EGET SPRÅK

Sist haust hadde NRK ein fjernsyns- og radioserie om språket vårt kalla "Ordimellom og linjelangs". Samtidig gav Aschehoug ut trebandsverket Vårt eget språk som er "det første samlede populærvitenskapelige verk om norsk språk", for å sitere frå omslaget. Og her er i sanning mye å hente for den språkinteresserte. Berre høyr på dette vesle utvalet av kapitteloverskrifter: På kryss og tvers i ordhistorien, Språkpolitikk og språkrøkt, Språket i radio og fjernsyn, Dikterens språk og vårt eget, I skriveverkstedet, Politikerspråket, Scenespråket, Stadnamn, Personnamn.

Dei to siste kapitla er skrivne av den produktive rogalendingen Inge Særheim. Alt i alt utgjer dei om lag 75 s. av band 2, som har talemålet som hovudemne. Person- og stadnamna er ein viktig del av kvardagsspråket vårt - vi bruker dei når vi skal orientere oss og identifisere personar og stader -, men på same tid knyter dei også sterke band bakover i tida. Stadnamna kan t.d. fortelje oss om gamle driftsmåtar og gammal gudetru, mens personnamna kan vise namneskikkar gjennom fleire ættledd. Begge desse sidene - både den dagsnære og den historiske - har Særheim greidd å formidle svært godt i to tradisjonelle, men instruktive og oversiktlege artiklar. Fagleg nybrotsarbeid er det urimeleg å krevje i ein slik samanheng.

Inge Særheim har valt å begynne begge artiklane i skjønnlitteraturen. Stadnamnartikkelen viser til opningskapitlet i Dalen Portland av Kjartan Fløgstad, der Selmer Høysang tek farvel med eit heimleg jordbruksmiljø med kjende og kjære namn for å begynne på fabrikken i byen. Personnamnartikkelen tek til i Johan Falkbergets rike med møtet mellom den gamle klokkaren i Bergstaden, Ol-Kanelesa, og den nye presten Sigismund i Den fjerde nattevakt. I begge tilfella er det altså møtet mellom to ulike kulturar som blir skildra. Også elles finn vi naturlege likskapar mellom dei to artiklane. Forfattaren tek m.a. opp korfor stader og folk får namn og korleis ein lagar stadnamn og personnamn, og han kjem inn på ymse problem når det gjeld uttale og skrivemåte.

Størstedelen av stadnamnartikkelen er samla under hovudoverskrifta Kva fortel stadnamna om ? Her gjer Særheim først greie for at somme av naturnamna våre, særleg elve- og øynamn, men òg fjord- og innsjønamn, høyrer med til dei eldste vitnemåla vi har om språket vårt. Når ein skal tolke slike namn, er ein ofte på usikker grunn, men fleire av desse namna kan settas saman med namn ein finn lenger sør i Europa, slik enkelte europeiske forskarar har gjort. Eit døme er førsteleddet i bynamnet Arendal, som kan innehalde eit eldre elvenamn *Ǫrn, og bygdenamnet Arna, som går tilbake på eit eldre fjordnamn *Arni. Begge desse namna kan ein setje til ei indoeuropeisk rot *er-/*or- som tyder 'strøyme', og som kan ligge føre i det italienske Arno og dei franske Arn og Arne. Men sikkert er dette sjølvsagt ikkje; i dei norske namna kan det òg vere ordet ørn (gno. ǫrn) som ligg til grunn.

Etter naturnamna går forfattaren over til busetnadsnamn/gardsnamn, som er den best undersøkte namnegruppa her i landet. Her følgjer han det vanlege mønsteret og gjer greie for dei mest kjende namneklassene (vin-, heim-, stad- osv.) med omsyn til frekvens, alder, utbreiing og førsteledd. Her har eg eit par mindre merknader. Om setnamna blir det sagt at dei inneheld gno. setr, eit ord som er laga til verbet sitje. "Det førekjem i rundt 900 norske gardsnamn, dessutan i 1700 seternamn, som helst er laga til gammalnorsk sætr" (s.293). Ei presisering av forskjellen på setr og sætr kunne vore på sin plass her. Ved omtalen av rud-namna (s.294) er han noko kategorisk. Dei er laga "mellom år 1000 og 1349". Rett nok er svartedauden ei viktig hending i norsk historie som markerte eit skilje på mange område, også når det gjeld nyrydding, men granskingar har vel vist at rud på Austlandet har vore produktivt som namneledd i alle fall til 1600-1700-talet.

Særheim kjem vidare inn på landskapsnamn og namn som fortel om styre og stell. Eit avsnitt tek for seg namn som kan fortelje om gammal gudetru, og diplomatisk nok nemner han dei innvendingane som har vore reiste mot gudenamntolkingane. Diplomatisk er han òg når han forklarer

bakgrunnen for at landsnamnet vårt i dag har to offisielle former.

Som nemnt tek Særheim også opp forholdet mellom uttale og skrivemåte, men på nokre få linjer er det sjølvsagt lite han kan få sagt om eit innfløkt emne. Han viser likevel korleis mange namn har vorte "mishandla" opp igjennom historia, som f.eks. Snåsa/Sneaasen og Rennesøy/-Randelsø, Randherssø, Reinersøe, og han nemner dei viktigaste argumenta for og imot ei sterk normering av stadnamna. Utfyllande er heller ikkje dei to siste avsnitta i stadnamnartikkelen. Dei omhandlar ny namngjeving, i første rekke veg- og gatenamn, og korleis ein går fram ved innsamling og tolking av namn. Den ferske og interesserte lesar får likevel ei lita prøve på kva det dreiar seg om og råd om korleis han skal kome seg vidare.

Personnamna har tidlegare ikkje vore så nøye utforska som stadnamna, men dette har heldigvis forandra seg i dei seinare åra, og granskingar har gjeve oss mye kunnskap om personnamnskikkar i ymse landsdelar til ymse tider. I personnamnartikkelen, som utgjer 24 av dei 75 sidene om namn, gjev Særheim oss mange smakebitar frå denne kunnskapen. I tillegg får vi vite kva som meines med førenamn og døypenamn, kortformer og kortnamn, etternamn, familienamn og slektsnamn, mellomnamn, tilnamn og gruppenamn.

Eitt avsnitt tek for seg korfor folk får namn. Namnet skal sjølvsagt peike ut enkeltindivid i ei gruppe av personar, men mellom- og etternamn viser og slektskap. Mange førenamn har positive tydingar, mens atter andre har opphav i gudenamn. Frå først av skulle nok slike namn ha magisk funksjon slik at dei som hadde desse namna, skulle få desse eigenskapane. Særheim ser ein parallell i nyare tid ved at folk gjev namn etter eigne ideal og verdiar. Det kan vere bibelske namn, namn av norskspråkleg opphav, namn og skrivemåtar med internasjonal klang, eller namn til kjende personar.

Etter å ha gjort greie for korleis dei eldste nordiske og germanske personnamna er laga og korleis ein kalla opp att etter bestemte reglar, tek Særheim for seg forholdet mellom heimlege og lånte namn. Han viser t.d. korleis handelsferder og særleg kristendommen førte med seg nye

namn som i dag utgjer ein stor del av personnamnstokken og som blir oppfatta som tvers igjennom norske. I ein periode var desse nye namna meir populære enn dei nordiske namna, men i samband med nasjonalromantikken på 1800-talet begynte ein "nordisk namnerenessanse". Dei nordiske namna tok over, men i dei siste tiåra har tendensen snudd på nytt, takka vere massemedia som film og fjernsyn.

Namnebruken har òg skifta frå landsdel til landsdel og i ulike sosiale lag. Særheim viser vidare at namnemotane i dag følgjer same mønsteret som andre motar, dvs. at dei oftast går ut ifrå Oslo. Eksempelet han nemner er Jan som låg på Noregstoppen i åra 1940-74.

Til slutt kjem Særheim inn på reglar og råd for namngjeving. Han tek først kort for seg namnelova av 1923 som var noko restriktiv. I gjeldande namnelov frå 1964 med seinare forandringar finst det fleire oppmjukingar, m.a. når det gjeld val av etternamn ved ekteskap. Tilknytinga mellom mor og barn er også sterkare understreka i denne lova, da barnet nå automatisk får mora sitt etternamn dersom det ikkje blir meldt frå om noko anna. Med omsyn til namneval meiner Særheim det er vanskeleg å gje bestemte råd, fordi meiningane og holdningane skiftar frå person til person. Han trur derfor at namngjevinga i framtida vil halde fram med å vere ei bryting mellom heimlege og innlånte namn.

Inge Særheims bidrag til Vårt eget språk er populærvitskap på sitt beste. Artiklane held høg fagleg standard, men her er få framandord og fagtermar, og lydskrift er heller ikkje brukt. Artiklane har mange illustrasjonar og bilde og dessutan fleire skjematiske oversyn over ulike namn og namneledd. Begge artiklane er utstyrte med kortare litteraturlister der dei interesserte kan leite vidare.

Terje Larsen
Hokksund

INNSJØNAMN I HEDMARK

Kjell Venås: Norske innsjønamn III. Hedmark fylke. Novus Forlag. Oslo 1987. 578 s.

Med denne boka legg Venås eit ageleg band til serien om norske innsjønamn som Gustav Indrebø gjorde opptaket til i 1920-åra. Venås har gått ut frå namna på M711-karta og på det grunnlaget fått med 2874 namn. Han understrekar at dette langt frå er alle namna i fylket, men ein stad måtte grensa setjast, og då har omsynet til brukarnytten via kartet vegi tungt. Finskspråklege namn er med på lik line med norske.

Dei einskilde namna blir drøfta alfabetisk etter denne skipnaden: normalisert form, uttale i Norvegia-skrift, heimfesting til kartpunkt og herad, karakteristikk av objektet (storleik og høgd over havet), eldre skriftformer og tyding. Venås tek med både "mogelege og umogelege tydingar" (s.45), dei siste nok meir til åtvaring enn opplysning. Av faglitteratur har han særleg stødd seg til eldre avhandlingar. Skriftbelegga er òg eit utval berre; det vantar m.a. ein del tidlege former frå diplomatariet.

Attåt hovudoversynet går forf. gjennom namna herad for herad og gjer greie for kva utmerkingslekker som finst til kvart grunnord. Denne skipnaden bøter på saknet av geografisk einskap som følgjer med eit alfabetisk oppsett. Herada er nemnde etter grensone i dag, så nær som at Kvikne er teki for seg enda det no høyrer til Tynset. Grunnorda har dessutan fått ein eigen bolk der dei blir drøfta med utsyn til heile fylket under eitt.

Boka siktar vidare enn til fagmiljøet i trong meining, og framstillinga er lagd opp etter det. Venås er ein meister til å skrive, som han har vist mange gonger før òg. Noka fagleg omdøming er det ikkje plass til her.

KK

KONGRESSRAPPORT

Göran Hallberg, Stig Isaksson og Bengt Pamp (red.): Nionde nordiska namnforskarkongressen. Lund 4-8 augusti 1985. (NORNA-rapporter 34.) Lund/Uppsala 1987.

Temaet for kongressen var namnestruktur og namnesemantikk. Det vart haldi 26 føredrag som med unntak av 3 er prenta i rapporten. Frå Noreg er det 4, og det er dei som skal nemnast her.

Anne Svanevik drøftar motenamn i Stavanger 1970-72 under synsvinkelen: "Moderne personnavn. Hvilken betydning har navnas struktur og semantikk for oppkomst og utbredelse av motenavn?" (s.189-201). Eit motenamn er definert som eit namn som har stigi med minst 1% frå 1950-52 til 1970-72 og falli med minst 1/2% frå 1970-72 til 1980-82, samtidig som namnet må vera blant dei 25 fremste i 1970-åra. Ut frå desse krava blir det 7 motenamn blant gutane og 13 blant jentone, og attåt ein 3-4 grensetilfelle for kvart kjønnet. Ein populær type er tostava namn med endingsvokal -e, t.d. Tore og Hilde. Desse har til dels trengt unna nærskylde einstava namn, t.d. Tore for Tor.

Svanevik viser òg kva namn som har komi inn og gått ut blant dei 40 fremste namna i 1970-72 i høve til 1950-52. Det er 16 nye mannsnamn og 23 nye kvinnenamn, med tilsvarande mange borte. Mannsnamn på -ar og kvinnenamn på -un(n) har tapt seg. Lange namn har fått større rom. I det heile vitnar materialet om at morfologiske og fonologiske tilhøve i stor mon avgjer namnevalet. Assosiasjonar knytte til namna er òg ein styrande faktor, medan etymologien har mindre å seie i denne samanhengen.

Tom Schmidt tek opp spørsmålet "Om bruk og betydning av gno. mið- og meðal- i norske gårdsnavn" (s.317-342). Til desse to ledda knyter det seg grovt sagt to tydingar: 'midt i/på, den mellomste delen av (ein viss lokalitet)' og 'mellom (andre lokalitetar)'. Relasjonane kan vera topografiske el. kulturskapte. Slik NG og Fritzner tolkar namna, er det ikkje noko eintydig samhøve mellom uttrykk og innhald. Det kompliserer tolkinga at ledda eit stykke på veg har falli saman i uttalen, og at det samtidig

vantar skriftbelegg som kan vise opphavleg form. Problematisk er det òg å rekonstruere busetnaden da namna vart til.

Schmidt kjem til at dei relativt få namna med topografisk etterledd (-ås, -vik, -nes, -dal) snautt kan kategoriserast fastare semantisk enn det NG har gjort. Namn med etterledd for busetnad (-gard, -hus, -by/-bø) er såpass talrike at dei kan vise eventuelle mønster. Gruppa fordeler seg geografisk med overvekt for Meðal- i aust og Mið- i vest. Semantisk tykkjest dei austlege Meðal-namna å referere særleg til lokalitet 'mellom', medan dei vestlege Mið-namna meir må gjelde lokalitet 'midt i/på'. For namneklassen -by/-bø finn dette resultatet stø i ålmenn busetnadshistorie. Men det er all grunn til å vera varsam i slutningane her.

I artikkelen "Grunnordlause namn. Idealstruktur eller faktisk struktur?" (s.65-77) drøftar Botolv Helleland korleis ein kan skilje mellom "grunnordlause namn" av typen Fiskelaus og namn med grunnord av typen Fiskelausvatnet, og i kva mon det er tenleg å skilje dei. Forf. går gjennom ymse definisjonar av termen grunnord og viser at den synsmåten ein vel, får konsekvensar for typologiseringa av eit namnemateriale. Det er i hovudsak spørsmål om vekta skal liggje på formelle el. funksjonelle kriterium.

Vidare gjer hàn greie for analysemodellar som har basis i Diderichsens feltskjema og TG-grammatikken. Val av modell må knytast til det målet ein har med granskinga av namnestruktur. Det har visse praktiske føremoner å skilje mellom namn med og utan grunnord, men på den andre sida kan det vera fruktbart å handsama namna slik dei faktisk ligg føre i notidsspråket. Funksjonelt sett bør Fiskelaus og Fiskelausvatnet reknast for likeverdige.

Under tittelen "Forholdet mellom gårdsnavn og gårdsbosetning i etableringsfasen. Metodiske og strukturelle problemer knyttet til -staðir-gårders alder" (s.377-389) orienterer Helge Salvesen - sjølv historikar - om eit prosjekt ved Univ. i Tromsø der fagfolk frå arkeologi, botanikk, historie og namnegransking i samarbeid prøver å klårleggje når og korleis gardar på -staðir voks fram. Granskinga gjeld utvalde gardar i Nord-Trl. og Lofoten-

Vesterålen, med visse prøvor frå området imellom. Sentralt i første fasen står pollenanalyse med C14-datering. Prosjektet har gjevi få resultat så langt (aug. 1985), men eit datert pollenprofil frå Strønstad på Austvågøya ligg alt føre.

Analysen gjev grunn til å tru at garden hadde fast busetjing med åkerdrift og husdyrhald godt føre år 0. Andre faktorar tyder òg på at garden er gammal, kanskje den eldste i området. Men det er eit opi spørsmål kor langt attende namnet går. Tradisjonelt har stad-namna i Noreg vori haldne for yngre enn romersk jarnalder, men i ljos av det ein etter kvart veit om oppkomsten av sjølve gardane, blir denne dateringa problematisk. Salvesen prøver fleire utvegar, m.a. "må vi være åpne for at -staðir kan ha vært produktivt navneledd gjennom lengre tid enn tidligere antatt i Norge". Driftskontinuitet og namnekontinuitet er stikkord for eit anna problemfelt.

KK

(Rapporten kan inntil 31. des. 1988 tingast frå Dialekt- och ortnamnsarkivet i Lund, Helgonabacken 14, S-223 62 LUND, etter denne datoen frå NORNA-förlaget, S:t Johannesgatan 11, S-752 21 UPPSALA. Pris skr 210,-.)

STUDENTARBEID OM NAMN

Ingunn Alsåker: Ranglabein og Knokkeldjåou. Ei undersøking av kallenamn blant elevar på ein ungdomsskole i Stavanger. Hovudoppgåve i nordisk språk. Univ. i Oslo. Våren 1987.

Med forf.s definisjon vil kallenamn her seie "alle ikkje-offisielle namn på personar, som er forskjellige frå eigne offisielle namn, og som blir bruka om evt. til ein person i tillegg til, eller i staden for det offisielle namnet" (s.36-37). Termen avløyser eit mangfald av nemningar som forf. finn lite tenlege pga. upresis el. overlappande bruk. Det er 138 jentor og 139 gutar frå 7. og 8. klasse med i undersøkinga, som vart gjord ved direkte intervju. 208 av dei har kallenamn, flesteparten

meir enn eitt, til saman 634. Det er mest kallenamn blant gutane. Til jamføring med elevmaterialet er brukt ca. 350 namn frå "Økenavnregisteret" ved Stavanger Politikammer.

Namna kan delast i avleiingar, samansetjingar, usamansette namn og initialnamn. Ein viktig avleiingstype er hypokorismane, som særleg dominerer blant gutenamna. Typen er sterkt produktiv, m.a. har det - delvis som novasjonkomi opp mange kvinnenamn på -i (t.d. Reggi til Regine). Forf. drøftar dei ymse strukturane i ljos av ålmenn historisk fonologi, samtidig som ho gjev ans på at slike namn er opne for spontane manifestasjonar.

Til den formelle analysen legg forf. ein funksjonell. Ho viser at bruksfrekvens og valør heng saman på den måten at aukande bruk svekkjer særtonen. Dette er klårast for gutenamna; jentenamna er i mindre mon nøytrale om dei enn er hyppig brukte. Oppgåva er eit verdfullt tilskot til granskinga av uoffisiell namnebruk.

Kristin Bakken: Stedsnavn fra Langlim. Hovedoppgave i norsk språk. Univ. i Oslo. Høsten 1987.

Oppgåva inneheld 1217 stadnamn frå grenda Langlim i Seljord, Telemark. Tilfanget byggjer på tradisjonell utspørjing av informantar og på eldre skriftlege kjeldor. Forf. gjer greie for kjeldetypane og kva verdi dei har som namnekjeldor. Alle belegga er oppstilte i alfabetisk liste attast i oppgåva. Dei viktigaste draga i målføret blir framstilte synkront og diakront.

Namna blir analyserte etter struktur, innhald (ordsemantisk) og bruk (pragmatisk), med hovudvekta på dei to første kriteria. Strukturanalysen tek utgangspunkt i ein TG-basert modell "som gjør det mulig å registrere strukturelle forskjeller mellom navn på en konsekvent måte" (s.102). Innhaldsanalysen gjeld namneledda som ordstoff prinsipielt uavhengig av referent for namnet, men her lyt ein stundom gå ut over ordplanet for å finne nøkkelen til tolkinga. Ramma for drøftinga er den språklege og reale tilstanden som rådde for ca. 50-100 år sidan. Den pragmatiske analysen tek noko stuttmælt opp m.a. denotasjonsskifte føre og etter den nemnde "idealtida". Opplegget er

krevjande, men studenten har gjennomført det med usvikeleg herredøme over både stoff og metode.

Marit Kvamme: Eldre uttale av førenamn på Helleland. I Ord i yrke. Yrkesterminologi i norske målføre. Norsk årsstudium, språkleg særemne vårsemesteret 1987, Høgskolesenteret i Rogaland, Stavanger (rapport utg. 1987), s. 95-101.

Dette arbeidet gjer greie for uttalen av ca. 140 førenamn frå tida føre 1940 i grenda Helleland (gnr. 71) i Ullensvang, Hordaland. Namna er oppstilte alfabetisk med normalform, med dialektform i vanleg bokstavering og med fonematisk lydskrift, og for kvart namnet blir nemnt talet på namneberarar. Forf. peiker på at den lokale, nedervde uttalen ofte har viki for normaliserte, skriftbundne former i seinare tid. Men dialektforma kan halde seg om namnetradisjonen er stø. I det heile viser namna eit fonologisk mangfald som sprengjer det tradisjonelle dialektsystemet. Det er viktig å få registrert uttalen av namn og ikkje minst tonelaget, som skifter mykje i yngre namn kringom i landet.

Kirsti Thesen og Randi Elin Skjerve: Boktitlane av norske og oversette romanar og forteljingar frå året 1986. Syntaktiske strukturar. I Ord i yrke (sjå ovanfor), s. 102-110.

Materialet for undersøkinga er 221 boktitlar frå heftet Årets nye bøker '86. Titlane er grupperte på 11 syntaktiske hovudtypar. Den viktigaste typen er nominalhypotagme av ymse slag, såleis m.a. mange med genitiv (Fuglens hjerte) og med preposisjonsuttrykk (Springfart ved fjorden). Ei stor gruppe er enkle eller samansette substantiv utan underledd. Her finst det både appellativiske nyskapingar (Nullpluss) og etablerte særnamn (Titanic). I det siste tilfellet har vi å gjera med namn på to plan, sidan alle titlar og er namn i seg sjølve. Forf. slår fast korleis titlane fordeler seg på dei oppstilte typane, men det har legi utanfor oppgåva deira å drøfte stilistiske og pragmatiske sidor ved tittelbruken.

KK

NORSKE NAMNEDAGAR

I den gamle norske almanakken var kvar dato knytt saman med eit personnamn. Namnerekkja hadde bakgrunn i katolske helgenkalendrar, og det einskilde namnet markerte opphavleg minnedagen for vedkomande helgen. Etter vedtak i Det akademiske kollegium vart namna tekne ut or almanakken frå og med 1912. Dei tente ikkje noko føremål lenger. Den religiøse dimensjonen var godt som borte, og namna hadde ikkje fått nokon sekulær funksjon i staden.

Det er teikn som tyder på at den svenske skikken med namnedagsfeiring held på og får innpass hjå oss med. Ettersom det ikkje finst norske kalendernamn å ty til, er det òg dei svenske namna som vinn fram. Dette ønskjer no Almanakkforlaget/Emil Moestue as å rå bot på med å gje ut ein norsk namnedagskalender. Kalenderen kjem til hausten og skal gjelde frå 1. jan. 1989. Han får uoffisiell status.

Institutt for namnegransking har hjelpt til med å velje ut og plassere namna. Utvalet er gjort ut frå dagens namnebruk, samtidig som det er teki omsyn til den historiske forankringa namna har her i landet. Namna er dagfeste mest mogleg i samsvar med eldre kalendertradisjon. Kalenderen inneheld 383 mannsnamn og 386 kvinnenamn. Dei fleste datoane har fått to namn, men nokre tre, såleis 24. juni med Johannes, Jon og Hans.

Det er laga ei eiga liste med forklaringar til namna.

KK

UNGE FORSKARAR

I regi av Norsk A/S Philips vert det kvart år organisert ei tevling der unge forskarar, dvs. oftast elevar i den vidaregåande skulen, kan senda inn særoppgåver o.l. for vurdering. Ein stor del av desse kjem med til finalen som vert halden i mars kvart år. Ei rekkje ulike fagområde er representerte, m.a. dialektar, folkeminne og stadnamn.

Mens det i 1987 vart levert inn eit 1.premiearbeid om "Stadnamn på Røsvassholmen" av Kjell Arne Skoglund frå

Mosjøen (han gjekk òg til topps i den internasjonale finalen), vart det berre utstillingspremie og 3.premie innan namnegransking i 1988.

Hanne Almås frå Mosjøen fekk 3.premie for "Stadnavn", mens Guro Osnes, Maj Elin Storeide og Katharina Sætrevik frå Stord oppnådde utstillingspremie for eit fellesarbeid om "Ein glytt inn i folklore og namngjevingstradisjonar på Storden".

Adressa til "Unge forskere" er Informasjonsavdelingen, postboks 1 Manglerud, Oslo 6.

RETTING

I nr. 5-6 av Nytt om namn var det ein teikneserie om stadnamninnsamling. Ved eit mistak kom det til å stå at Margit Harsson var forfattar og Lars-Erik Harsson teiknar. Ansvarleg for serien var **Kjell Arne Skoglund**.

THOR FRETTE IN MEMORIAM

Thor Frette døde den 19. oktober 1987, nær 69 år gammel. Han vokste opp i Karasjok, og med samisk som sitt annet morsmål gjorde han en stor innsats på flere områder av samisk kulturarbeide.

I årene 1948-62 bygget han sammen med Kathrine Johnsen opp sameradioen i Vadsø. Med sin vennlige omgjengelighet og eminente sprogferdighet fikk han samer av alle profesjoner i tale og formidlet deres tanker og problemer til større selvforståelse i hele samefolket.

I 1962, da Universitetet i Oslo tok opp samisk som eksamensfag for samiske lærere, ble han universitetslektor i samisk og fikk bl.a. ansvaret for å veilede sine samiske venner i bruken av samisk som skriftsprog. I årene fremover, som var en avgjørende vekstperiode i samisk kulturreisning, bidro han med flere utgaver av bøker på samisk og ikke minst med sin norsk-samiske ordbok (1975), som han planla en nyutgave av, men dessverre ikke fikk ferdig. Han var også en intim kjenner av samisk joik.

En av Frettes store interesser fra ungdommen av var samiske stedsnavn, og få eller ingen var så lokalkjent i Finnmark som han. Alt tidlig foretok han et detaljert innsamlingsarbeide i Karasjoktrakten og senere fortsatte han sitt innsamlingsarbeide i andre deler av Finnmark. Fra 1971 var han statens navnekonsulent for nordsamisk, og på de nye kartene i målestokken 1:50 000 (M711-serien) fikk han omsatt sine store kunnskaper og ferdigheter i praksis. For Finnmarksbladene nedla han et kjempearbeide, men også for store deler av Troms fylke og for Nordland sydover til Saltfjellet er det samiske navneverket bearbeidet av Frette.

I de senere år, inntil sykdommen stoppet ham, la han også grunnen til en omfattende vitenskapelig behandling av samiske stedsnavn og veiledet yngre samer i arbeidet med fagmessig innsamling av stedsnavn. Av grunnleggende betydning for det videre arbeide er de navneregistre han efterlot seg: ca. 14 000 samiske og 13 000 norske navn fra Finnmark og Nord-Troms, ekserpert fra M711-serien, og ca. 8000 norsk-samiske navnedubletter med en rekke opplysninger om kilder og litteratur. Dette siste foreligger nå også i et dataregister. Nordisk samisk institutt i Kautokeino har tatt initiativet til å få utgitt navnesamlingene etter Frette.

Thor Frette fikk dessverre bare i liten grad tid til å komme frem på trykk med sine omfattende og dyptpløyende kunnskaper om samiske stedsnavn. I Norsk stadnamnleksikon har han gitt korte forklaringer av en masse nordsamiske stedsnavn, men han hadde langt mere å øse av.

I årene 1984-85 ga han ut tre viktige artikler om norske stedsnavn med samisk bakgrunn (jfr. bibliografien nedenfor). Han viste her hvorledes en rekke viktige stedsnavn i Finnmark som har vært ansett som rent norske og har vært tillagt en høy alder som bevis for gammel norsk bosetning, i virkeligheten må ha vært omtolket fra samisk i forholdsvis sen tid, en prosess som er vel kjent også fra andre områder der en eldre befolkning har blitt dominert av innflyttere utenfra. Frettes studier har altså stor betydning også for den kritiske gransking av norske stedsnavn, og det er å håpe at hans arbeide kan fortsettes

av yngre forskere med solide kunnskaper både i samisk og i norsk.

Thor Frette efterlater seg et tomrom, ikke bare i samisk stedsnavnsforskning og samisk kulturarbeide, men også blant sine venner. Som kollega var han lett å samarbeide med, og alle som lærte ham å kjenne, ble hans venner.

Knut Bergsland
Oslo

THOR FRETTE - STADNAMNBIBLIOGRAFI

(Bibliografien er ikkje meint å vera komplett. Frette har gjeve namnefaglege tilskot både på norsk og samisk i enkelte publikasjonar utanom dei som er nemnde nedanfor.)

Samiske stedsnavn. I: Norske stadnamn/stedsnavn. Redigert av Botolv Helleland, s. 105-118. Oslo 1975.

Artiklar om nordsamiske namn i Norsk stadnamnleksikon. Redigert av Jørn Sandnes og Ola Stemshaug. Oslo 1976 og seinare.

Stedsnavn i Finnmark. I: Finnmark. Red. av Reidar Hirsti (Bygd og by i Norge 12), s. 411-416. Oslo 1979.

Norsk eller samisk? En liten gruppe stedsnavn i Finnmark/-Nord-Troms. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1979, s. 16-20. Oslo 1980.

On some "apparently Norwegian" place names in Finnmark, Norway. I: Riepmočála. Essays in honour of Knut Bergsland, s. 66-79. Oslo 1984.

"Raftesiden". I: Namn og Nemne nr. 2, s. 77-80. 1985.

Noen synspunkter på -anger (-angen). I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1985, s. 83-88. Oslo 1986.

BH

MEDLEMSKAP I NAMNELAGET

Medlemstalet i Norsk namnelag nærmar seg 300, men det er plass til fleire. For 130 kroner året får du medlemskap som samstundes gjer at du blir abonnent på tidsskriftet **Namn og Nemne** og på meldingsbladet **Nytt om namn** som du no held i hendene. Gjennom desse to skriftene får du greie på ein god del av det som skjer på det vitskaplege og praktiske planet i norsk namnegransking.

Nr. 4 av **Namn og Nemne** (1987) byd på følgjande artiklar:

Djupedal, Reidar: Måløy eller Moløy 7
Kruken, Kristoffer: Fleire Tveit i Trøndelag? 19
Helleland, Botolv: Namn og Nemne (NN). Eit leksikalsk-onomastisk problem 23
Jenstad, Tor Erik: Fjell jamført med bygningar: Råstu i Sunndal 33
Myrvang, Finn: Nokre stadnamn med sisteledd -fot(en) 43
Brink, Stefan: Till frågan om ortnamnselementet -setr, dess ursprung och betydelse 79
Aasen, Ivar: Søndmørske Stedsnavne. Utgjeve av Peter Hallaråker, Arne Kruse og Terje Aarset 85
Nes, Oddvar: Elvenamnet *Són og skaldeordet són 109
Seim, Karin Fjellhammer: Om sterktbøyde adjektiviske tilnavn i norrønt 113
(Bokmelding:) Kåre Hoel: Studier over bustadnavn fra Østfold. Meld av Gunnstein Akselberg 121

Tingingsblankett. Send slippen til **Namn og Nemne, Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5000 Bergen.**

Eg/vi ynskjer å verta medlem i Norsk namnelag og samstundes tingar av **Namn og nemne** og **Nytt om namn.**

Namn:
Adresse:

INSTITUTT FOR NAMNEGRANSKING
ÅRSMELDING 1986

I tillegg til sjølve årsmeldinga inneheld boka fylgjande artiklar:

Ingunn Alsåker: Gusleik og Dabbus, to ulike typar kallenamn
Kristin Bakken: Rettsarkiva som kilder til stedsnavn
Gunhild Birkeland: Oversyn over inndelingsnamn med utgangspunkt i Norske Gaardnavne
Tuula Eskeland: Nye finske navn i matrikkelen i Grue kommune
Margit Harsson: Om usikre rud-namn i Østfold
Botolv Helleland: Norske stadnamnregister
Kåre Hoel: Litt om gno. bólsbót f., til bólsbótar, og om navnet Bolsbota som ble til Boldsbota
Kristoffer Kruken: Langbekken
Sigrid Salen: Noen prinsipper for behandling av etterledd
Tom Schmidt: Navneekserpter på gamle kart
Anne Svanevik: Vår nyeste personnavnlovgivning. En problemorientering underveis i en forskningsprosess

Boka er på 237 sider i A5-format og kostar kr 60,-. Ho kan tingast frå Institutt for namnegransking, postboks 1011, Blindern, 0315 Oslo 3

Returadresse:
Institutt for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 Oslo 3

Har dette interesse for deg?

NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING

KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn)

2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn)

3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking)

4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering)

ISSN 0800 - 4676